



Jakob Svandal

Dykkar ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	12/203-5/13/949/Eli-Jorun Tangeraas	C30	28.01.2013

Vedtekter kulturskolen av 28 jan 2013

Organisering

1. Sauda kommune eig og driv Sauda kulturskule.
2. Sauda Kommunestyre fastset vedtekter for kulturskolen.
3. Kulturskolen høyrer administrativt til under eininga oppvekst og kultur og vert leia av kulturskulerektor.
4. Rektor for kulturskolen har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret for drifta.
5. Kulturskolen og grunnskolen kan nytte kvarandre sine læremidlar etter nærare avtale.

Undervisninga

1. Sauda Kulturskule følgjer skuleruta for grunnskolen i kommunen.
2. Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning og som gruppeundervisning. Ein individuell undervisningstime varer 30 eller 45 min.
3. Gruppeundervisning er undervisning med to elevar og fleire over tid.
4. Gruppeundervisning og samspelsundervisning kan organiserast som eit prosjekt over ein kortare periode.
5. Det vert laga ei oversikt over tilboda i kulturskolen og forventningar til elev, lærar og føresette. Oversikta skal kasta lys over innhald, lokale, lengd på undervisningstimen og kostnad. Oversikta vert oppdatert etter behov.
6. Det vert sendt ut ei oversikt over kulturskolen sitt halvårshjul ved oppstart haust og vår. Prosjekt der timeplanen vert endra i ein periode skal tidfestast her.

Elevvilkår

1. Elevane skal møte presis og førebudd til timen. Alle som får plass på eit instrumenttilbod må ha eit instrument dei øver på heime, anten dei låner, leiger eller eig det.
2. Fråvære må meldast på førehand til rektor eller lærar. Elevar har ikkje rett på å få att enkelttimar ved eige fråvære. Ved lengre tids sjukdom kan elevar søkje om redusert elevavgift.
3. Kulturskulen skal ved lærarfråvær setje inn vikar dersom det er mogeleg. Dersom ein lærar har fråvær meir enn to gonger på eit halvt år utan at det vert sett inn vikar, kan eleven få redusert elevavgift.
4. Elevane har ansvar for instrument/utstyr dei låner/leiger av kulturskulen.
5. Kostnad til undervisningsmateriell må påreknast for ein skilde aktivitetar.
6. Elevane skal vise god framferd i kulturskulen.
7. Elevar som ikkje rettar seg etter kulturskulen sine vedtekter, kan utestengjast frå undervisninga. Slike avgjerder vert tekne administrativt. Føresette skal informerast på førehand. Elevane kan miste plassen ved gjentekne avvik frå reglane.
8. Om elevane får oppdrag i regi av kulturskulen skal rektor informerast.

Lærarvilkår

1. Lærarane skal møte presis og førebudd til timen.
2. Lærarane skal følge fagplanen for sitt fag.
3. Lærarane skal ta initiativ til foreldremøte og elevsamtalar minst ein gong i året og elles ved behov.
4. Lærarane skal fordele ulike speleoppdrag på elevane og oppmoda til deltaking.
5. Lærarane har teieplikt.
6. Lærarar skal samarbeide med grunnskule, lag og organisasjonar samt kvarandre ved behov.

Økonomi

1. Elevavgifta og materialkostnader ved maling/teikning og sats for leige av instrument vert vedteke av Sauda kommunestyre i samband med handsaminga av årsbudsjettet.
2. Det vert innvilga søskenmoderasjon med 30 % f.o.m. andre barn. Gjeld også dersom ein elev deltek på fleire tilbod.
3. Elevavgifta skal betalast for heile semesteret sjølv om eleven sluttar eller startar i løpet av semesteret.

Opptak

1. Opptak skjer for kvart skuleår etter utlysing. Ein beheld plassen i kulturskulen fram til ein seier opp plassen. Klage på opptak vert avgjort av formannskapet. Både søknad og oppseiing skal skje skriftleg innan 1 mai.

2. Kulturskulen tar inn nye elevar fortløpande så lenge ein har ledig kapasitet.

3. Elevane får ein prøvetime kostnadsfritt.

4. Prioritering ved opptak er:

- a. Elevar frå grunnskulen
- b. Elevar under grunnskulealder (0-6 år)
- c. Elevar frå vidaregåande skule
- d. Søkjarar frå Vanvik
- e. Vaksne

Sauda kommune

Eli-Jorun Tangeraas

rektor Kulturskulen